Nr. 1 februar 2009 - Årg. 24

# Bygdabladet for BOKN


Trollbua s. 3


Torskefiske – s. 9


Krisepakke – s. 22


Kjekt på Bokn – siste side

www.bygdabladet.no

Bygdabladet for BOKN

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**BYGDABLADNEMND**
Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

**GJELDANDE ANNONSEPRISAR**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 625,- |
| Halvside | kr. 375,- |
| Kvartside | kr. 188,- |
| 1/8 side | kr. 125,- |
| Privatann. | kr. 62,- |
| Fastann./fargeann. | etter avtale |



Stort forsidebilde:

**Snipp med saksa, snapp i trea og varme for snute.**

Foto: Kjetil Hamre

## Godt nytt Bygdablad-år!

Du held det første bladet i bladet sin 24. årgang i hendene, og som vanleg skal du finna noko for ein kvar smak.

I ei nyleg avvikla meiningsmåling på bokn.no om kvifor folk abonnerte på Bygdabladet, var det tydeleg at dei fleste sette pris på lokalt stoff, men også blanda med rein kommunal informasjon.

Dette betyr at me lukkast med innhaldet, noko også eit stabilt abonnementstal understreker.

**Du er alltid velkommen med tips, tekstar, bilder og idéar!**

*- redaktøren -*



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding*

**Tiltakspakke frå regjeringa**
Regjeringa presenterte i veke fem ei tiltakspakke som har til formål å stimulera den økonomiske aktiviteten i kommunesektoren. Kommunane i Rogaland fekk 279,7 millionar kroner i vedlikehaldstilskot og 79, 8 millionar kroner i auka frie inntekter. Av dette fekk Bokn kommune 772 000 kroner, der 548 000 kroner er vedlikehaldstilskot og 224 000 kroner er frie inntekter. Eg er godt nøgd med beløpet, som blei fordelt etter innbyggjartalet, sjølv om eg hadde forventa at krisepakka skulle vera endå større. Uansett er det positivt å få pengar, som ein ikkje har budsjettert med, i inngangen til eit nytt år.

Tilskotet er eìngangstilskot for 2009. Midla må brukast på prosjekt som blir sett i gang i 2009.
Kommunane må utforma og dimensjonera tiltaka sine i tråd med denne føresetnaden, og i etterkant rapportera om bruken av tilskotet til fylkesmannen. Rådmannen vil utarbeida ei liste til formannskapet over prosjekt som harmonerar med føresetnadane til regjeringa, og så vil ein politisk foreta ei prioritering av konkrete vedlikehaldsprosjekt som skal gjennomførast i Bokn.

Kommunesektoren har med dette eit flott høve til å dra inn mykje av det etterslepet ein har når det gjeld vedlikehald av til dømes kommunal bygningsmasse. Sjølv om brorparten av den kommunale bygningsmassen i Bokn er av nyare dato, er det også hjå oss mange oppgåver å ta fatt i. Vedlikehaldsoppdraga vil ha positive effekter for sysselsettinga innan bygg og anleggsbransjen.

**Tannlege**
Frå nyttår blei Bokn dessverre utan tannlegetilbod, og det er uklart når me igjen får tannlege på Boknatun. Eg vil be om møte med Rogaland fylkeskommune for å få ei avklaring på situasjonen. Det eg veit er at det er ein generell mangel på tannlegar i landet, og i denne samanhengen er distrikta ofte særs sårbare.

Inntil vidare vil det koma ein tannpleier til å ta seg av prioriterte grupper som til dømes barn. Elles vil det koma tannlege til Boknatun etter behov. Andre grupper er dessverre ikkje prioriterte.

**Grasrotandelen**
Regjeringspartia har i desse dagar vedteke ein såkalla "grasrotandel". Frå 1. mars 2009 kan alle som spelar hjå Norsk Tipping bestemma kva lag eller foreiningar i lokalmiljøet som skal motta inntil fem prosent av det beløpet som det blir spela for.

I denne samanhengen vil eg oppmoda lag og organisasjonar i Bokn til å melda seg inn i Frivillighetsregisteret slik at ein i neste omgang kan ta del i den nye




**Informasjonen på døra til Bokn tannklinikk fortel om ein beklageleg situasjon.**

**Foto: JH**

ordninga. Alle som sender inn melding til Frivillighetsregistereret innan 1. februar er garantert å koma med i Grasrotandelen frå 1. mars under føresetnad av at det er sendt inn korrekt informasjon og laget/foreininga er kvalifisert for deltaking i ordninga.

Grasrotandelen går ikkje utover innsatsen eller premien, men kjem i tillegg til det ein spelar for. Føresetnaden er at laget eller foreininga er registrert i Frivillighetsregisteret. Grasrotandelen er tilgjengeleg i alle dei spelekanalane som Norsk Tipping har.

*Ordføraren*



# Trollbuå

- det vesle huset i skogen -

Kjetil Hamre





Reine julepresangen.

**Bokn har fått ei ny storstove i trollskogen (lerkeskogen) langs naturstien. Her har det i haust/ vinter vore stor aktivitet og ein trelavvo har vokst opp som ein stor sopp blant lyng og trær.**

Dette er meint som ei hytte for bruk av barnehagen primært, men hytta kan og nyttast av andre etter avtale med denne.

Den 14. januar var det stor opning med snorklipp og pølsefest. Det var opp til fleire blankpussa sko som gjekk på den vesle grusstien opp til hytta. Storfolk veit å gå der oppvertinga er på topp, må vite!
I lavvoen sto personalet frå barnehagen og ynskte velkommen medan borna venta i spenning på kva som skulle skje.




Her er det kos!

**Flott tilvekst**
Det er Bokn Bygdeservice som har stått for at lavvoen kom opp og snekkarar har vore Sigmund Alvestad og Eivind Øvrebø. Dei har vore flittige og eg har ofte undra meg over om det har vore ein hakkespettkoloni der oppe når eg har trekt litt frisk luft på trappa.

Eg var sjølv veldig spent på korleis resultatet skulle bli. Skuffa vart eg slett ikkje, og dette vert nok ei flott tilvekst til barnehagetilbodet på øya.

No er det mogeleg å trekka innandørs når naturkreftene vert for voldsomme, men uteområdet er fantastisk å bruka i det daglege.

Her har speidarane laga ei apebru det går an å klatra i, og skogen sjølv byr på uendelege utfordringar for kropp og sinn. Dette må seiast å vera ein flott plass for store og små.

**"Kjekt på Bokn"**
Før ordførar Kyrre Lindanger fann fram saksa minte han oss på "Kjekt på Bokn"-prosjektet som dette var ein del av. Igjen viser kommunen at den satsar på dei små. Han håpa dette vert ein boltreplass for barnehage og andre born i alle aldrar. Det skulle i alle fall liggja til rette for dette.

Med dette tok han fram saksa frå innerlomma og klipte snora for nybygget. Borna song ein egen versjon av trollet Ollebolle, og eg håpar han vil trivast i det nye huset.

Det høyrer med festmiddag i slike høve og på menyen sto grilla og bålkokte pølser. Dette fall i smak hjå små og store troll som var i skogen denne dagen.

Som dessert vart ei flott kake fortært **(bildet),** laga av Julianne.

Ja, nokon av oss sneik seg til to stykker av denne.

# Vedtatte kommunale avgifter

| **1. Kommunale avgifter og eigenandelar for 2009** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Kommunale avgifter** | **2 008** | | **2 009** | **2009** |
| (sats pr. år der ikkje anna er oppgitt) | **netto** | **endring** | **netto** | **(inkl. mva)** |
| Slamavgift | 519 | 5 % | 545 | 681 |
| ½ slamavgift | 260 | 5 % | 273 | 341 |
| ¼ slamavgift | 135 | 5 % | 142 | 177 |
| ½ slamavgift 8m3 tank | 368 | 5 % | 386 | 483 |
| Slamavgift 12m3 tank | 735 | 5 % | 772 | 965 |
| Slamavgift 6m3 tank | 476 | 5 % | 500 | 625 |
| Slamtømming utanom ordinære tømmerutiner | 0 | | 0 | |
| Feiing 1 pipe (pr. feiing) | 227 | 5 % | 238 | 298 |
| Feiing 2 piper (pr. feiing) | 453 | 5 % | 476 | 595 |
| Renovasjonsavgift | 1 767 | 5 % | 1 855 | 2319 |
| Hytte renovasjon | 883 | 5 % | 928 | 1160 |
| Kloakkavgift inntil 250 | 1 953 | 5 % | 2 050 | 2563 |
| Kloakkavgift Hytte o.a. eigedomar | 973 | 5 % | 1 022 | 1277 |
| Tilknytningsavgift kloakk | 20 000 | | 20 000 | 25000 |
| Tilknytningsavgift vann | 20 000 | | 20 000 | 25000 |
| Tilknytning vatn utanom hovudbruk | | | 5 000 | 6250 |
| Tilknytning avløp utanom hovudbruk | | | 5 000 | 6250 |
| vannavgift bolig | 2 728 | 10 % | 3 001 | 3751 |
| Vannavgift gardsbruk | 4 366 | 10 % | 4 802 | 6003 |
| Vannavgift hytte oa. eigedomar | 1 361 | 10 % | 1 497 | 1871 |
| innstallasjon av vannmålar | 546 | | 546 | 683 |
| Fast abn.gebyr vatn (vannmålar) | 1 059 | | 1 059 | 1324 |
| Forbruksgebyr vatn pr.kbm | 6,37 | | 6,37 | 7,96 |
| Leige av vannmålar tom 25mm | 273 | | 273 | 341 |
| Leige av vannmålar 25-50mm | 546 | | 546 | 683 |
| Leige av vannmålar 51-150mm | 983 | | 983 | 1229 |
| Leige av vannmålar større enn 150mm | 4 368 | | 4 368 | 5460 |
| **Saksbehandling** | **2 008** | **endring** | **2 009** | **(ingen mva)** |
| **Oppmålingsgebyr (Tysvær gebyr +5%)** | | | | |
| *Kart og delingsforretning ved grensejustering* | | | | |
| 0-300m2 | 3 593 | 5,00 % | 3 773 | |
| 301-1000m2 | 6 032 | 5,00 % | 6 334 | |
| 1001-2000 | 8 354 | 5,00 % | 8 771 | |
| *Kart og delingsforretning utbygging* | *0* | 5,00 % | 0 | |
| 0-2000m2 | 9 979 | 5,00 % | 10 478 | |
| 2001-4000m2 | 12 532 | 5,00 % | 13 158 | |
| 4001-6000m2 | 14 853 | 5,00 % | 15 596 | |
| 6001-8000m2 | 17 174 | 5,00 % | 18 032 | |
| 8001-10000m2 | 19 495 | 5,00 % | 20 470 | |
| Areal over 10da, tillegg pr. påbegynt da | 224 | 5,00 % | 235 | |
| *Kartforretning over grenser* | | | | |
| sidelengd 0-50,00 m | 2 898 | 5,00 % | 3 043 | |
| sidelengd 50,01- 100 m | 4 872 | 5,00 % | 5 116 | |
| sidelengd over 100m, tillegg pr. 100m | 2 434 | 5,00 % | 2 556 | |
| Antal grensepunkt - inntil 2 | 4 291 | 5,00 % | 4 506 | |
| antal grensepunkt - inntil 3 | 5 215 | 5,00 % | 5 476 | |
| grensepåvisning - inntil 2 grensepunkt | 2 898 | 5,00 % | 3 043 | |
| grensepåvisning - inntil 3 grensepunkt | 3 406 | 5,00 % | 3 577 | |
| Antal grensepunkt - tillegg pr.punkt over 3 | 628 | 5,00 % | 659 | |
| Kartforr. Over punktfeste m/merking/oppmåling | 5 334 | 5,00 % | 5 601 | |
| Kartforr. Over punktfeste u/merking/oppmåling | 2 898 | 5,00 % | 3 043 | |
| Gebyr for mellombels forretning | 1 173 | 5,00 % | 1 231 | |
| I enkelte saker kan gebyret bli redusert, dette er spesifisert i gebyrreglementet for teknisk. | | | | |

# og eigenandelar for 2008

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Registreringsbrev | | | | |
| Tinglysingsgebyr | | | | |
| Tomt | | | | |
| | | endring | 2 009 | (ingen mva) |
| **Gebyr for byggesaker** | | | | |
| Hytte/fritidsbolig | 3 000 | 5 % | 3 150 | |
| Hytte/fritidsbolig-tilbygg som krever byggetill. | 1 500 | 5 % | 1 575 | |
| Bustadhus | 0 | | 3 000 | |
| §81 Driftbygninger i landbruket med husdyrrom | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| Landbruksgarasje | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| §85 Midlertidige eller transportable bygninger eller anlegg,herunder campingvogner | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| §86a Mindre byggearbeid på bolig eller fritidseiendom | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| Garasje og uthus, naust redskapshus som krever byggetillatelse | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| Nybygg med bruksformål industri, forretning, kontor, lager, off bygg mv. | 3 000 | 5 % | 3 150 | |
| Tilbygg til andre bygg som krever byggetill. | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| Alle tiltak som omfattes av lovens § 84 og 93 og som ikke fanges opp av andre punkter i regulativet | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| Enkle tiltak | 75% av ord. gebyr | | 75% av ord. gebyr | |
| Fradeling | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| Bruksendring | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| Saksbehandling knyttet til bruksendrings-spørsmål. Behandling av bygningsmessige forandringer faktureres separat. | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| Behandling og godkjenning av ansvarsrett for foretak med sentral godkjenning | 206 | 5 % | 216 | |
| Godkjenning av foretak uten sentral godkj. | 618 | 5 % | 649 | |
| Private reguleringsplaner, vesentlige reguleringsendringer og bebyggelsesplaner. Annonsekostnader er ikke medregnet. | 10 300 | 5 % | 10 815 | |
| Mindre vesentlig reguleringsendring | 4 250 | 5 % | 4 463 | |
| Tiltak som krever dispensasjon | 3 180 | 5 % | 3 339 | |
| Beh. av utslipssaker/rehab. av anlegg | 1 390 | 5 % | 1 460 | |
| Dokumentavgift | 0 | | 0 | |
| **Bygdablad** | **2 008** | | **2 009** | **2007** |
| | **netto** | | **netto** | **(inkl. mva)** |
| Abonnement papir el.PDF | 325 | 8 % | 350 | |
| Abonnement papir +.PDF | | | 500 | |
| Annonse: 1/8 side | 100 | | 100 | 125 |
| Annonse: halvside | 300 | | 300 | 375 |
| Annonse: heilside | 500 | | 500 | 625 |
| Annonse: kvartside | 150 | | 150 | 187,5 |
| Privatannonse | 50 | | 50 | 62,5 |
| Fastann.etter avtale | | | | |

**Framhald på neste side**

# Vedtatte kommunale avgifter

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Barnehage** | | | | |
| **11 betalingsterminar endringstidspkt fra 1.aug.** | **2 008** | **endring** | **2 009** | **ingen mva** |
| Heildag - 5 dg/veke | 2 330 | | 2 330 | |
| Heildag - 3 dg/veke | 1 398 | | 1 398 | |
| Heildag - 2 dg/veke | 932 | | 932 | |
| Kost 5dg/veke | 175 | | 175 | |
| Kost 3 dg/veke | 105 | | 105 | |
| Kost 2 dg/veke | 70 | | 70 | |
| **Diverse sal** | | | | |
| | **2 008** | **endring** | **2 009** | **ingen mva** |
| Bygdabok pr. bind. | 450 | | 450 | |
| CD v/Spurkeland | 150 | | 150 | |
| Boknaspenna nål / smykke | 1 100,-/1.400,- | | 1 100,-/1.400,- | |
| Krus | 75 | | 75 | |
| Haug og heidi / Boknakyrkja (hefter) | 50 | | 50 | |
| Kopiar svart/kvit ant.1-100 | 0,5 | | 0,50 | |
| Kopiar svart/kvit ant.101-xxxx | 0,3 | | 0,30 | |
| Kopiar farge ant. 1-100 | 2,0 | | 2,00 | |
| Kopiar farge ant. 101-xxxx | 1,5 | | 1,50 | |
| Plastlaminering | 10 | | 10,00 | |
| **Musikkskulen** | | | | |
| | **2 008** | **endring** | **2 009** | **ingen mva** |
| Aspirantopplæring | 499 | | 499 | |
| Einetimar (22,5 min) | 624 | | 624 | |
| Einetimar (30 min.) | 936 | | 936 | |
| Einetimar (halv tid) | 416 | | 416 | |
| Instrumentalgrupper | 645 | | 645 | |
| Instrumentleige | 229 | | 229 | |
| Kor,leikarring,drama | 499 | | 499 | |
| Søskenmoderasjon 30% på rimelegaste aktivitet. | | | | |
| Søskenmoderasjon barnehage 50% (på rimelegaste tilbud) | | | | |
| Søskenmoderasjon SFO 30% (på rimelegaste tilbud / også i kombinasjon med barnehage) | | | | |
| **SFO** | | | | |
| **10 betalingsterminar ny sats frå 1.8.07** | **2 008** | **endring** | **2 009** | **ingen mva** |
| Heil plass skuledagar | 1 699 | | 1 699 | |
| Heil plass skuledagar + skulefridagar | 2 424 | | 2 424 | |
| Skulefridagar | 804 | | 804 | |
| 5 dg/u. Før skulestart | 454 | | 454 | |
| 5 dg/u Frå skuleslutt til 1410 | 520 | | 520 | |
| 5 dg/u Frå 1410 til 1630 | 909 | | 909 | |
| 3 dg/u. Før skulestart | 273 | | 273 | |
| 3 dg/u Frå skuleslutt til 1630 | 545 | | 545 | |
| 2 dg/u. Før skulestart | 181 | | 181 | |
| 2 dg/u Frå skuleslutt til 1630 | 364 | | 364 | |
| Frukost alle dagar | 156 | | 156 | |
| Frukt alle dagar | 74 | | 0 | |

# og eigenandelar for 2008

| Pleie og omsorg | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2 008 | | 2 009 | ingen mva |
| Opphald og hjelp i heimen fylgjer dei maksimalsatsane som Stortinget vedtar. | | Maksimalt vederlag pr. år | | |
| Kostnad pr. liggedøgn iflg.rekneskap 2005 | | | | |
| (forutsetning for vederlagsberekninga) | 1 405 | | 1 066 | |
| Dag/natt opphald | 59 | 0 % | 59 | |
| Døgn opphald | 118 | 0 % | 118 | |
| Heimehjelp timar inntil 2 G | 36 | 1 800,00 | 38 | |
| Heimehjelp timar 2G-3G | 42 | 6.000,00 | 44 | |
| Heimehjelp timar over 3G | 60 | 9.000,00 | 62 | |
| Middag | 50 | | 50 | |
| Middag dagsenteret | 50 | | 50 | |
| **Husleigeinntekter** | | | | |
| Husleiga på kommunale bustader vert indeksregulert 1.10.03 med konsumprisindeksen | | | | **ingen mva** |
| | | | | |
| Husleiga på omsorgsbustader er vedtatt uforandra inntil vidare. | | | | |

**Lokalt** **Kultur**

## Angorakaniner i Kro

Jardar Havikbotn

**To kosete eksemplar sjarmerer hos Kari Christensen og Olav Larsen.**

Kaninene (hoer) er ekte angora, avlsdyr med stamtavle som eignar seg for vidare oppdrett. Førebels er dei ikkje para, fortel Kari Christensen til Bygdabladet.

- Dei er rolege og lette å stella og proppfulle av sjarme.
Kari er imildlertid mest opptatt av ulla.

**Spesielle eigenskaper**
Angorakaniner skal klippast fire gonger i året, og ifølge Avlssenteret for angora-kanin på Løiten har ulla m.a. desse eigenskapa:

- isolerer 10 gonger betre en saueull
- kan ta opp fire gonger si eiga vekt i fuktighet og framleis halda på varmen
- har elektrostatiske avleiings-evner som er gunstige mot revmatiske lidelsar
- har stor slitasjestyrke og er verdas finaste ull målt i my
- angoraprodukt er fløyelsmjuke og klør ikkje som saueul

**På rokke-jakt**
Kari vil gjerne læra om korleis ho kan nytta ulla, og har lese ein del litteratur og snakka med oppdrettarar. Ho begynner også på spinnekurs denne månaden, men manglar ein rokk.

- Ser meg i første rekke om etter ein brukt rokk som skal seljast eller leigast ut, fortel Kari, som legg til at det ikkje er noko problem om han er litt skada. Unge/Eldre-prosjektet på Gamle Slaktehuset i Haugesund har m.a. reparasjonar av rokkar på programmet.

**Dersom nokon kan hjelpa angoraull-entusiasten, så er telefonnummeret 911 20 801.**

**Det vil visa seg om det blir angora-kanin- og angoraull-produksjon i Kro etterkvart. Lykke til!**



## Ny lokal heimeside

Jardar Havikbotn

**Bokn Fotterapi har fått eiga webside.**

Rita Bokneberg (**bildet**), autorisert fotterapeut i 13 år, driv Bokn Fot-terapi ved fysioterapirommet i 2. etasje på Boknatun.



Den ferske **internettsida** inneheld m.a. oversikt over behandlingstypar, produkttypar og **timebestilling.**

**Bygdabladet ønsker lykke til med heimesida.**

# Godt nytt år frå ordføraren

Her er ordførar Kyrre Lindanger sin nyttårstale i kyrkja 31.12.08

*Kjære kyrkjelyd*

**Konjunkturendring**
Me har om nokre få timar lagt bak oss nok eit år, og me må venne oss til å skriva eit nytt årstall frå i morgon av. Frå ein ordførarståstad kan eg oppsummera 2008 slik: Året har gått fort og det har vore innhaldsrikt. Lokalt i Bokn har me fyrst og fremst lagt bak oss eit godt år på fleire måtar: Me har ein sunn økonomi, stabilt folketall, gode kommunale tenester, låg arbeidsløyse og eit ekspansivt næringsliv. Det er hyggeleg å vera ordførar i slike tider.

Dei gode tidene me har hatt i Bokn har vore synergiar frå fleire gode år med økonomisk vekst og høg aktivitet både nasjonalt så vel som globalt. Det store vendepunktet kom likevel i oktober då store amerikanske bankar gjekk over ende som resultat av ein dominoenergi som var sett i gang for fleire år sidan. Nokre få røyster hadde meir eller mindre fånyttes ropa eit varsku, men på mange måtar er me menneske skrudd saman på ein slik måte at me helst ikkje vil høyra på gledesdreparane. Når den Store Festen er i gang, vil me vera til stades og ta del i moroa. Sjølv om me veit at det ikkje går an, vil me at treet skal voksa inn i himmelen. Sjølv om det strir mot all fornuft, vil me ha i pose og sekk. Helst.
Nokon kallar det ei finanskrise – eg er mest freista til å kalla det ei finansfadese.

**Fokusskifte**
Uansett står me nå framføre ein augeblink av sanning. Kan me vera betre i motbakke enn i rask og flaksaktig medgang? I Rogaland har me dei siste ti åra hatt ei sterk økonomisk utvikling. Petroleumsverksemda har vore den sterkaste drivkrafta og har vore medverkande til at me bur i landets, kanskje verdas, mest ressurssterke region. Me har opplevd sterke svingingar før, og me kan nå stå framføre ny dramatikk.

Ei konjunkturendring, som me ser nå, fordrar rask gjenvinning av framtidstru og tillit. Verdas leiande nasjonar har heldigvis handla raskare, sterkare, meir radikalt og mindre ideologisk enn nokon gang. Nasjonalt og lokalt står me ved eit vegskilje: Skal me velga redsel og resignasjon eller ei offensiv linje der me går laus på dei krevjande prioriteringane?



Eg trur det er viktigare enn nokon gong å søka saman og handla ut i frå felles visjonar. Velga robuste strategiar som står seg okke som. Ved å sjå føre seg ulike scenarier kan ein skapa strategisk nyttige førestillingar. Felles førestillingar om framtida gjer det lettare å styra kommunen i rett retning. Regjeringa har i dette høvet kome med krisepakkar, og fleire er på veg. Dette ser eg på som eit gyldent høve til å samarbeide med andre kommunar, og mellom kommune og stat, for å styrka leveranseevna.

Men det har vist seg tidlegare at det er lettare å få til noko nytt og konstruktivt i krisetider. Og ei kursendring treng ikkje vera farleg. Ofte kan det vera sunt med eit fokusskifte.

**Utdanning – den viktigaste investeringsjobben**
I fjor snakka eg i kyrkja om barn og ungdom, og om det å vera tilstades og om å skapa gode barndomsminner. Eg trur dette fokuset er like relevant nå, om ikkje endå meir naudsynt. Fleire eg har snakka med meinar at det viktigaste fokuset me kan ha i krisetider er nettopp barn og oppvekst. For å riste av oss krisen er investeringsjobb nummer eìn barn og oppvekst. Ein må nå legga gode strategiar for kvalitet i oppveksten.

Ved å legga eit godt fundament her, legg ein til rette for det ein treng vidare: Nemleg humankapital. Menneska er langt viktigere enn både olje, gass og produsert realkapital. Humankapitalen utgjer 73 prosent, nesten tre fjerdedeler, av nasjonalformua vår.

Noreg må nå gripa sjansen til å gjera verkeleg forbetringar i den viktigaste delen av nasjonalformua; humankapitalen. Me bør nå fokusera meir på menneskeleg utvikling enn lønn. I nedgangstider bør ein satsa på kunnskap. Krisepakkar har vore naudsynte og hjelp godt på, men ein må også ha nokre overordna tankar om korleis ein skal legga til rettes for eit varig og forutsigbart motkonjunkturtiltak. Eg meinar viktige stikkord vil vera kompetanseutvikling, modernisering av innhald i skulen, rekruttering til læraryrket, foreldre og skule, skulebygg og trivsel.

I Bokn har me lenge hatt politisk kultur for å satsa på skule og kunnskap. Velviljen når det gjeld skule og oppvekst har nok vore meir genuin og ideologisk betinga enn strategisk, men kva motivasjon som ligg til grunn er underordna så lenge målet er universelt: å investera i hjernekraft og utdanning. Dess meir utdanning me legg til rettes for, dess større forventningar til eige utdanningsnivå får barna våre. Kunnskap og kompetanse er svært viktig for at menneska i framtidssamfunnet skal bli sjølvhjelpte, kunne skaffa seg arbeid etter interesse og anlegg – og i sin tur få oppleva livskvalitet. I tillegg er skulen også ein arena der elevane får hjelp til å vera seg sjølv og å leva saman i fellesskap.

**Framtidstru**
Grunnutdanning er sjølve fundamentet i denne samanhengen. Det unike med kunnskap er at dette ikkje er noko "forbruksvare". Det er ikkje slik at det blir mindre kunnskap dess meir me brukar. Tvert imot gjev meir bruk rikeleg avkastning – i motsetning til det som er tilfellet med andre ressursar. Kunnskap er med andre ord ei særs god investering for eit kvart samfunn, til alle tider.

Dei unge er vår største ressurs, i oppgangs- og nedgangstider. Det dei representerar i humankapital er det som må til for å drifta landet vårt, kloden vår.

Eg er ein praktiserande optimist og eg trur 2009 til slutt blir eit godt år. Den pågåande krisa vil kunne gje oss nokre harde slag, både på den eine og andre måten. Mange vil oppleva tunge stunder, men samstundes vil ein ytre fiende mobilisera mange konstruktive og gode krefter, og etterkvart vil jorda igjen gå i balanse. Det har me sett før. Om ti år vil dei mørke skuggane me les om i dag framstå som ein parantes i tidsrekninga. Det er berre å håpa at me har fått tilført nyttig lærdom til livets skule.

Gå inn i det nye året med framtidstru og tillit. Det er dei viktigaste orda me kan helsa det nye året med.

Ha eit riktig godt og positivt, nytt år.

*Ordføraren*



Publisert i nettutgåva 12.01.09

# Torskefiske i Boknasundet

Edgar Våge

**Nå er me i januar og eg er på sildafiske utfor Senja. Ute bles det kuling og snør, og eg sitte her på lugaren og mimrar om fisket i Boknasundet. Håpar det blir bra med fisk i sundet i år også, for dette er eit spanande fiske som eg ser fram til kvart år.**

Så lenge eg kan hugsa har der vore fiska med gad'n i Boknasundet, ved Oksebåsen, Lauplandsskjera, Solholmane og Austra-flunå. Eg hugsa at Jakob Vågshaug var ute med gad'n før han begynte på Handelslaget og Sverre Bryningsland var også ute.

Ein gong skulle eg og far vera med Sverre i båten hans til Kopervik for å levera fisken der. Sverre låg på kne og sløyde på fisk. Slonå (involland) blei hivne på sjøen til måkane og fisken i ein haug på dekk. Etter ei stund heiv han fisken på sjøen og slonå i haugen med fisk. Det var mykje torsk i fangsten så det var godt at han sansa seg snart.

Eg fekk styra, og det var stort for meg då Sverre hadde stor og fin båt - kanskje derfor eg blei styrmann...

Det var torsken som dominerte i starten av året, og det var best i sundet. Sør forbi den raude staken var der eindel fisk, men her var det så mykje høvring at det var mest ikkje råd å setja gad'n. Det kom seg etter kvart.

Det var bra med fisk nord for Austraflunå, men her var me plaga av ein tankbåt som ankra opp der me sko setja. Ein dag hadde han sluppe ankeret oppå gad'nå våre, og me måtte venta til dei skulle letta anker og skjæra laus gad'nå frå ankerkjettingen etterkvart som dei heiv opp. Me blei små der me låg inn under baugen på tankbåten.

I Boknasundet får me også rester av gamle hermetikkboksar. Dette er minner etter hermetikkfabrikken i Føresvik. Slagg som er dumpa frå gamle dampbåtar er der også å få, så det er reine museumet der ute i sundet.

Etter påske minka det på fisken i sundet og me flytta oss sørover til Oksebåsen og Solholmen. Her fekk me ein del sei og lyr. På austsida av Solholmen låg me midt i leia til ferjene slik at me måtte setja og dra mellom avgangane. Det var ikkje alltid me blei ferdige i tide, men dei svinga nå alltid klar oss heldigvis.

Me har montert halar på båten så nå er det mykje lettare å hala inn gad'nå. Ein kan stå og sjå på om alt går greit. Eg hugsar då eg var med far og drog gad'n med den gamle motorbåten inne ved "djubabrådet" på nordsida av Søre-Vågholmen. Då var det berre rå handamakt som måtte brukast, det var ingen hjelpemidler ein kunne nytta seg av på den båten. For eit slit det må ha vore.









**BILDETEKSTAR:**

**1. Måkane er ikkje noko redde når det er mat i sikte. Dei sat til og med oppå håvet mitt då eg sløyde fisk.**

**2. Bjarne A. Våge sløyer fisk.**

**3. Gad'nå går over hekken. Me har 10 gad'n i ein settning.**

**4. Her kjem ein fin torsk inn over garnhalaren.**

**VIKTIGE ENDRINGAR I VEDTEKTENE I BARNEHAGEN**

Formannskapet vedtok dei nye vedtektene utan slik rådmannen la dei fram. Det betyr:

- Dei som skal ha plass 2 eller 3 vekedagar kan søkje på dei vekedagar dei ønskjer. Det er ikkje lenger slik at til dømes dei som går 2 dagar skal ha tysdag og torsdag. Dei som har plass og etter dette vil søkje om endra vekedag, må levere endringsmelding innan 1. mars 2009.
- Nye barn startar 15. august og ikkje 1. august, mens dei som skal starte i skulen har barnehageplassen til 14. august.
- Det er også gjort ei endring som gjeld utnytting av kapasiteten når det er ledige plassar. Det vil vi kome attende med meir informasjon om når ordninga er fastlagt

**AUKA VEKETIMETAL FOR 5., 6. OG 7. KLASSE NESTE SKULEÅR**

Frå og med komande skuleår får dei 3 årsstega 1 time i veka med noko som blir kalla fysisk aktivitet, men som ikkje er faget kroppsøving.

Kva dette skal innehalde, og korleis det skal organiserast kjem vi attende til når vi veit meir.

Regjeringa har vedteke dette for 6. og 7. klasse. Formannskapet har utvida tilbodet til også å omfatte 5. klasse, slik at i Bokn gjeld det heile mellomsteget.

For å tilpasse skuledagen til skyssen, får dei 3 årsstega eit kvarter meir matematikk i veka.

Desse endringane betyr at det til hausten blir slutt på at mellomsteget har halv dag fredagar.

**KORTARE ONSDAGAR FOR ALLE NESTE SKULEÅR**

Formannskapet har vedteke at alle elevane neste skuleår skal avslutte skuledagen kl 1240 på onsdagar. Det er ein halv time tidlegare enn no. Endringa er gjort for å tilpasse skuleveka og skyssen til dei nye veketimetala på barne-steget. Til dømes blir dei 3 ekstra fridagane som små skulen har i år borte neste år.

**LEIAR I SKULENS FAU OG MEDLEMMENE I DET NYE SU**

Mariann Furseth er leiar av FAU og Terje Alvestad nestleiar

**Det nye SU ser slik ut:**

- Mariann Furseth, foreldrerepr. småskulen, leiar
- Leif Kjellesvik, for.repr.msteget, nestleiar
- Elisabet Taraldlien, foreldrerepr. ungd.steget
- Terje Alvestad, foreldrerepr.
- Ingunn Grønnestad, foreldrerepr.
- Åse k. Øvrebø, elevrepr.
- Roar Kro Medhaug, elevrepr.
- Brit Opsal, tilsetterepr.
- Arne Hosaas, tilsetterepr.
- (Ikkje valt), tilsetterepr.
- Kyrre Lindanger, eigarrepr.
- Ingjerd Ellingsen, eigarrepr.
- Dag Halvorsen, eigarrepr.

**FORKONTOR SKULE OG BARNEHAGE**

Forkontoret er som regel betjent kl 08.00 – 13.00 alle skuledagar, **telefon 52 75 25 69.**

I dette tidsrommet vil Annette Bokneberg kunne hjelpe deg med det meste som gjeld skule og barnehage, og finn du henne ikkje på skulekontoret kan du kanskje prøve Servicetorget, Boknatun tlf. 52 75 25 00



## 70 års-jubilant med åtte eldre sysken

**Då Astrid Vatnaland Bø feira 70 årsdagen sin 11. januar på Storhaug i Stavanger, var alle ni i syskenflokken samla.**

Seks av dei har flytta frå Bokn og busett seg andre stader i fylket. I følge Stavanger Aftenblad gjorde dei som andre sysken då dei var små; krangla og sloss litt.

Med eit aldersspenn på 17 år har det sikkert vore ein del usemje då dei voks opp på Vatnaland, med m.a. markeringsbehov for dei to brødrene.

På den store dagen var imidlertid stemninga svært så fredfull.

**Foran frå venstre på bildet: Bertha Våge (85), Magnhild Vatnaland (83), Liv Rolfsnes (81), Sigrid Nygård (73), Bak frå venstre: Margot Vatnaland (78), Leif Vatnaland (75), Astrid Vatnaland Bø (70), Kåre Vatnaland (71), Olaug Hognaland (87)**

**Foto: Kjell Inge Bø**

Serie

# Songar & tekstar frå Bokn

Bygdabladet ynskjer å samla songar og andre tekstar som på ulike måtar handlar om Bokn. I kvart blad framover vil me presentera slike tekstar, kjende for mange og ukjende for andre.

Me har ein del tekstar liggande, men kanskje ikkje alle. Eg vil oppfordra lesarar som har slike tekstar liggande om å koma med/senda inn dette, slik at me kan ta ein kopi og arkivera dei.

Først ut er Bokn-songen av tidlegare lærar Sigurd Barkve, som må seiast å vera den offisielle Boknasongen. Han er å finna i fleire songbøker.

Melodien er ”Høje Nord”, som har eit stort spenn i toneregisteret og som blir oppfatta som vanskeleg å synga for dei fleste. Dette gjer at songen i liten grad blir brukt som allsong.

Musikkskuleelevar har tidlega framført Bokn-songen på ulike arrangement, men det begynner å bli ei stund sidan nå. Kanskje me må gjera noko med det.....

- redaktøren -




BOKN-SONGEN

1. Jøtulsterkt fram seg ter
Boknafjell or båremyra.
Livande om foten yra
øyar, holmar, flu og skjer.
Kringom strender tareståddе
naust og not og båt i stø
fyrst ein nådde sigland’ inn
frå hav og sjø.

2. Myr og mark, ås og urd.
Midt i audna vatna blinkar.
Kringom strender sjøfugl vinkar.
Mellom steinar bekkesurl.
Ut i sunda fiskar ferdast.
Midt i lyng og steinheim brun
livet nærast - folk seg byggjer
heim og tun.

3. Vinternatt, kald og grå,
silda rogntung sig mot stranda.
Garn og not lett glid frå handa
ned i bylgja djupeblå.
Det har gjeve mål og mette
fram igjennom tusen år.
Utan dette vart det svolt
og tronge kår.

4. Bautastein tett ved fyr,
minne ber frå gamletida,
den gong skog voks tjukk i lia.
Enn stikk rotne rot or myr.
No ligg landet audt og nake.
Mosen kryp på turre knaus.
Lyng og brake freistar kleda
knatt og knaus.

5. Plog i jord, not i fjord!
Kome med no alle hender!
Fram då grøde grøne grender,
storskog fin med fuglekor.
Då er vokstergrunnen mager
etter spade og spett og grev,
åkrar fagre sprett der før var
torvmyrstev.

6. Samhald sterkt, grannskap god!
No det trengst at krafta einast!
Då vert oppveg stutt og beinast.
Tvihug lamar makt og mod.
Ære arven etter feder,
det gjev lovnad høg og stor!
Gode seder grøde fram på
heimleg jord.

7. Sign då Gud, heim og bygd!
Lat ditt ord hjå oss ei teia,
men få vera ljos på leia.
Skap i hjarto kristen dygd.
Alle her i fred få leva,
om deg fylkast tett i rad,
så i æva me kan bu i
høgheimsstad.

Sigurd Barkve

Publisert i nettutgåva 19.12.08

# Julemiddag for ungdommane

Elisabet Taraldlien

**Tradisjonen tru, 16. desember blei det julemiddag. Men i år med ei litt anna innpakning.**

Eg er ikkje verdens beste å planleggje, så då eg sko "booka" oss inn hjå Åse Helen og Espen på Sjøhuset i Krojen, vart eg for sein til å få ein laurdag. Men eg valde å leggje arrangementet til ein tysdag, og det sko visa seg å bli ganske så ok det...

**Sulande god middag!**

Eg hadde eit anna nytt element dette året, og det var at dette kom til å koste deltakarane 120 kroner. Eg var spent på responsen, og den blei stor! Fyste dag eg var på ungdomstrinnet for å registrere påmeldingar, var det 23 som melde seg på! Til sjuande og sist (same dag som julemiddagen faktisk, he, he...) vart det til slutt 38 påmelde ungdomar til årets julemiddag! Det må ein kunne seie er utruleg bra!

**Sulande godt!**

Me hadde ein fantastisk god julemiddag! Den besto av ribbe med tilbehør og ein sulande god saus attåt! Gunnar Bokneberg var kokken vår i år, og sjølv om me sa det same kvelden Gunnar, så må me seie det igjen: - Tusen takk for ein utruleg god middag!

Eg hadde fått med meg fire flotte damer til å servera, rydde og vaske, og dei var Anita Bokneberg, Randi Nilssen, Sonja Mikkelsen og Hege Sunde. Det er ikkje vanskeleg å halde julemiddag når ein har slike folk med seg! Tusen takk damer!

Og sist, men ikkje minst må me nemne den velviljen frå Åse Helen og Espen Alvestad, som lar oss låne Sjøhuset deira, gratis. Hadde det ikkje vore for desse flotte menneska, hadde det vore vanskeleg å få til ei slik ramme rundt julemiddagen. Tusen takk!

Eg hadde fått Arthur Trosnavåg til å vere vakt oppe på Petra, og Merete Alvestad var med som voksen "julemedhjelpar" både på middagen og oppe på Petra. Tusen takk for hjelpa, det går ikkje utan vakter som stiller opp!



Sulande god middag!

**- Dravkjekt!**

Grunnen til dei 120 kronene for billetten, kom seinare på kvelden. Eg hadde sett Jardar på saken, og han fekk engasjert ein trubadur til å spele for oss denne tysdagen. Trubaduren heiter John Hallgeir Johansen, og har artistnamnet Jojo. Eg var veldig spent på respons, frå publikum. Og som vanleg uroa eg meg unødig! Det er ikkje vanskeleg å ta fram ord som: "Knallbra, god stemning, vannvittig bra te å synga, dravkjekt..."

Det må og nemnast at trubaduren sjølv hadde ei god oppleving. Han skulle spele i ein time. Men han sto i over ein og ein halv! Han sa etter konserten at han hadde hatt det kjekt, og at det hadde vore godt liv!

Som ungdomsarbeidar føler eg litt på dette med kva oppleving ungdommane fekk, og har eit håp om at kjenslene for gode tradisjonar står ved lag også etter julemiddagen i år.



- Dravkjekt!!

## FOTEFAR

I gjenskinnet fra havet vise stien seg
Stjerneklart vise månen veg
Mot horisonten langt forbi
Vise vei te den evige tid

Eg tar ett skritt ein evig ferd
Der alle liv e like verd
Tru e sterk nye fotefar
Mot det så komme, bak det så var

Kjetil Hamre

©kjetil hamre

# Kulturkalenderen

Endringar sidan sist/ nye arr. blir **utheva**

**Februar**
15. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
15. Bokn bedehus: Møte – Israelsmisjon kl. 19.00
**16. Barnekorøving kl. 16.30 - 17.45**
16. Bokn sanitetsforening har årsmøte/ fastelavensris
16. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
17. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Speidarbasaren på bedehuset kl. 18.00
**19. Bokn bedehus: Årsmøte for Bokn bedehus kl. 19.00**
**19. Bokn idrettslag: Årsmøte på idrettshuset kl. 19.00 - sjå s. 19**
20. Bygdekinoen
22. Gudsteneste kl 11.00
22. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
**22. Familiespeiding kl. 15.00 i Trollskogen, turstien - arr. Bokn KFUM/KFUK**
Veke 9 Vinterferie, Bokn skule
**26. Bokn pensjonistforening, Alrommet kl. 17.30**
27. Bokn bedehus: Møte – Den Indre Sjømannsmisjon kl. 19.00
**27. Bokn båtforening, årsmøte i Allrommet kl. 19.00**
**28. Bokn Røde Kors, årsmøte på RK-huset på Hognaland kl. 14.00 - sjå s. 24**

**Mars**
01. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
01. Bokn bedehus: Møte – Den Indre Sjømannsmisjon kl. 19.00
**02. Barnekorøving kl. 16.30 - 17.45**
02. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
03. Formannskapsmøte
**05. Forvaltningsstyremøte**
06. Bygdekinoen
**07./08. Seminar, Bokn musikkorps**
08. Gudsteneste kl 11.00. **Årsmøte etterpå.**
15. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
15. Bokn bedehus: Møte – Karmsund ABR-senter kl. 19.00
**16. Barnekorøving kl. 16.30 - 17.45**
16. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
20. Bygdekinoen
22. Gudsteneste kl 11.00
22. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Løftefornyelse for speidarane i kyrkja kl. 11.00
**22. Familiespeiding kl. 15.00 i Speidarskogen - arr. Bokn KFUM/KFUK**
**22. Vårkonsert kl. 16.00, Bokn musikkorps**
**24. Bokn bedehus: Misjonsstemne, NMS kl. 19.00**
24. Formannskapsmøte
**26. Bokn pensjonistforening, Alrommet kl. 17.30**
29. Visitasgudsteneste i Vår Frelsers kirke i Haugesund
**29. Påskefest i gymsalen kl. 15.00 - 17.30 - arr. Bokn Danseklubb**
**30. Barnekorøving kl. 16.30 - 17.45**
30. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00

**April**
03. Bygdekinoen
05. Gudsteneste kl 11.00
05. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
Veke 15 Påskeferie, Bokn skule
09. Bokn bedehus: Påskemåltid – Frelsesarmeen kl. 18.00
10. Gudsteneste kl 11.00
12. Gudsteneste kl 15.00
**14. Kommunestyremøte**
16. Bokn bedehus: Kontakmøte for haustprogram for Bokn bedehus kl. 18.00
17. Bygdekinoen
19. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
**19. Familiespeiding kl. 15.00 på Boknafjellet - arr. Bokn KFUM/KFUK**
19. Bokn bedehus: Møte – Normisjon kl. 19.00
**20. Barnekorøving kl. 16.30 - 17.45**
**23. Forvaltningsstyremøte**
25. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Kampen om Vikingskipet
26. Gudsteneste kl 19.00
27. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19.00
**30. Bokn pensjonistforening, Alrommet kl. 17.30**

**Mai**
03. Gudsteneste kl 11.00
**04. Barnekorøving kl. 16.30 - 17.45**
05. Formannskapsmøte
10. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
10. Bokn bedehus: Møte – Gideon kl. 19.00
**11. Barnekorøving kl. 16.30 - 17.45**
15. Bygdekinoen
17. Gudsteneste kl 10.30
21. Bokn bedehus: Møte – Frelsesarmeen kl. 19.00
**23. Bokn bedehus: Kretsmøte, Den Indre sjømanns misjon**
24. Sundagsskule på bedehuset kl. 10.30
**24. Familiespeiding kl. 15.00 på Nærmiljøanlegget på Fyren - arr. Bokn KFUM/KFUK**
**28. Bokn pensjonistforening, Alrommet kl. 17.30**
29. Bygdekinoen
**31. Gudsteneste kl. 19.00**

**Juni**
02. Formannskapsmøte
03. Bokn sanitetsforening har basar
05.–07. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Vandrartroppstur til Vågholmen
06. 07. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Krinsleir for oppdagarar og stifinnarar på Blikshavn
08. Bokn bedehus: Møte – Misjonssambandet kl. 19.00
12. Bygdekinoen
**14. Gudsteneste kl 11.00 ute i Loten**
**14. Familiespeiding kl. 15.00 i Ognahabn - arr. Bokn KFUM/KFUK**
**16. Kommunestyremøte**
**20. KM3 i trial, arr. Pluggen motorklubb**
23. Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Jonsokfeiring på Fyren kl. 18.00
28. Gudsteneste kl 11.00

**August**
Primo Bokn KFUK-KFUM-speidarar: Kanotur på Nidelva for vandrarar (dato kjem seinare)

## Gymsal, kveld - oppdatert februar 2009

| DAG | AKTIVITET | KL. | ANSVARLEG |
|---|---|---|---|
| Mån | Danseskule<br>Barnetrimmen<br>Fotball G10/11<br>Bokn musikkorps | 15.00 - 16.30<br>16.45 - 17.45<br>18.00 - 19.30<br>20.00 - 22.00 | Wendy Riber<br>C. B. Knutsen<br>Cliff Olaussen<br>J. Havikbotn |
| Tys | Danseskule<br>Friskis & Svettis | 14.15 - 18.00<br>19.30 - 20.30 | Wendy Riber<br>Anette Våga |
| Ons | Danseskule<br>Fotball G9<br>Fotball J12/J13 | 13.15 - 16.45<br>17.00 - 18.15<br>18.15 - 19.30 | Wendy Riber<br>Roger Jøsang<br>Louis Medhaug |
| Tor | Volleyball, ungdom<br>Volleyball, vaksne | 19.00 - 20.00<br>20.00 - 22.00 | Rita Bokneberg<br>Rita Bokneberg |

# - Titt, titt, her e me så blei født i 2008




**Lisa-Ayne Tesfaye Lundervold** - 4.01.08

Anette Lundervold & Tesfaye Anbessie




**Sanne Øvrebø** - 06.01.08

Rannveig & Børt Åge Øvrebø




**Runar Alvestad** - 05.04.08

Lillian Grønnestad & Alf Åge Alvestad




**Mathias Knutsen** - 01.05.08

Tone Hognaland & Chr. Bottolf Knutsen




**Lars Erik Øvrebø** - 09.08.08

Berit Merete & Erik Øvrebø




**Helle Løvereide Faye** - 14.08.08

Anne Løvereide Faye & Fredrik Faye




**Linn Kristin Aspenes Pedersen** - 30.08.08

Nina Kristin Aspenes & Ørjan Pedersen





**Noah Hesthammer** - 05.09.08

Janne Elisabeth Ytreland & Jostein Hesthammer






**Line Øvrebø** - 27.09.08 (1 dag)

Catharina Langhout Øvrebø & Harald Øvrebø




**Jarl Kro Medhaug** - 13.11.08

June Kro & Louis Medhaug




**Andreas Grønnestad Alvestad** - 08.12.08

Daghild Grønnestad Alvestad & Tor Harald Alvestad





## Gravlagde 2008



| | |
|---|---|
| Otelie Aksdal | 20.01.08 |
| Kjell Kro (Bustad Stavanger) | 28.01.08 |
| Anny Ørke | 13.02.08 |
| Magda Grønnestad (Gravlagt Hinna) | 14.02.08 |
| Eldbjørg Laupland | 28.05.08 |
| Augustin Jøsang | 11.06.08 |
| Haldis Øvrebø | 25.06.08 |
| Herbjørg Solberg | 18.07.08 |
| Haldis Grønnestad | 31.08.08 |
| Einar Alvestad | 10.10.08 |
| Marie Våge | 24.10.08 |
| Lina Knutsen - | 24.10.08 |
| Agnes Våge | 30.10.08 |

## Minneord

**Tordis Hagenes** døde brått lørdag 24. Januar, 82 år gammel.

Hun var datter av Borgine og Ånen Øvrebø og vokste opp på Bokn, der hun var nummer fire i en søskenflokk på sju.

I 1949 giftet Tordis seg med sin Arne og flyttet til Haganes på Sotra de første sju åra. I 1956 bygde de hus og flyttet tilbake til Bokn.
Håndarbeid var Tordis sin store hobby, som å strikke, hekle og sy.

De siste fem åra bodde hun i omsorgsbolig på Boknatun.

Tordis etterlater seg tre barn, sju barnebarn og sju oldebarn.



# Gratulerer!

Vi vil gratulere søskenbarnene **Marita Lie Alvestad** med 11 årsdagen lørdag 7. feb., **Ine Wiken** med 8 årsdagen søndag 8. feb. og **Kristian Lie Alvestad** med 9 årsdagen torsdag 12. feb.

**Mange bursdagsklemmer fra familiene..-:)**



Vi ønsker å gratulere vår kjekke medarbeider i barnehagen, **Olaug Kvam Jacobsen,** med 40 års dagen 7. februar

**Hilsen alle oss i Bokn Barnehage**



**Helge Johannes Nilssen**

Me vil gratulera den spreke bestefaren vår med 92 års dagen den 5. februar.

**Hilsen dine tolv barnebarn**



**Herborg Grønnestad 70 år 31. januar**

Gratulerer så mye med dagen.

**Klem fra mann, barn, svigerbarn og barnebarn**



**Benjamin 18.12.08**

Vi ønsker å gratulere Bjørn Erik Øvrebø og Monica Øybakken med gutt nummer fire som ble født 18. desember.

**Hilsen alle oss her på Vestlandet**



**Konrad 13 år 16. januar**

Gratulera med dagen, Konrad.

**Beste hilsen Jørgen, Kristoffer, mamma og pappa**



**Kjære Amalie**

Godjenta vår, tenk nå er du blitt 15 år. Gratulerer så mye med dagen 13.01.

**Gratulasjonshilsen Ruben, Jone, Preben, mamma og pappa**



**Gabriel Nesse Hetland 11 år 12. januar**

Gratulerer med dagen, Gabriel.

**Mamma, pappa, HK, Thomas, Karen og Ingrid ønsker deg en flott dag!**

## Bygdabladet for 20 år sidan

### Frå nr. 1 1989

### FREKASUND BRU ER ÅPNA

Onsdag den 21. desember 1988 er ein historisk dag for både Bokn og Tysvær. Då vart dei to kommunane knytta saman med bru mellom Susort og Ognøy.

Sjøl om det ennå manglar ferdige bruer både over Ognasund og Boknasund, var bruåpninga over Frekasundet historisk.

Snora som var strekt tvers over brua vart klipt av både frå Bokn-sida og frå Tysvær-sida av ordførarane Leif Vatnaland og Mandrup Hovland.

Etter intervju i lokalradio og aviser gjekk turen til Boknatun kor det var invitert gjester frå Tysvær, vegvesenet sine folk og frå Bokn. Her vart bruåpninga ytterlegare markert.

Når det gjeld resten av prosjektet skal Ognasund bru vera ferdig til jul 1989. Boknasund bru har vore ute på anbud, og skal i heldigste fall kunna stå ferdig hausten 1990.

Brua er ikkje åpna for vanleg ferdsle ennå, og dei som skal over i kjøretøy må ha nøkkel til bommen.

